

OSTERØY INDUSTRILAG

v / Industrikonsulenten på Osterøy
5282 Lonevåg

Telefon 56 19 22 70

Telefaks 56 19 21 01

e-post: lars.mjøs@osteroyindustri.no
www.osteroyindustri.no


REFERAT FRÅ ÅRSMØTET

tysdag 25.3. 2014 kl 18.00

hjá Lonevåg Beslagfabrikk AS i Flatevad

Programmet for sjølve årsmøtet vart gjennomført som oppsett.

Program



*** Lonevåg Beslagfabrikk AS** har alltid satsa på automatisering og har den seinare tid satsa stort på robotisering. Dei har no 34 robotar i arbeid. Me får omvising med vekt på automatisering/robotisering. Tilsette i medlemsverksemdene som arbeider med robotisering, er også velkomne.



*** Prosjektet Flettverk** i regi av Osterfjord Næringsssamarbeid med Lars Mjøs som prosjektansvarleg gjennomførde sist haust delprosjektet «Made in Osterøy» saman med ei rekkje Osterøy-bedrifter og 6 London-designarar. Laurdag 29.3.2014 vert det opning av ein 14 dagar popup-butikk i Xhibition

kjøpesenter i Bergen. Prosjektleiarane Tone Boska og Siv Støldal syner bilete og film og orienterer om prosess, planar og resultat så langt.

*** Kake og kaffi**

*** Årsmøte:** (sjå neste side)

* **Årsmøtet:** 18 personar møtte

1 Godkjenning av innkallinga. Val av møteleiar. Val av skrivar. Val av 2 medlemmer til å underteikne møteprotokollen.

Vedtak: Innkallinga godkjend. Møteleiar; formannen. Skrivar; sekretæren. Underteikning av protokollen; Jørund Vevle og Teijo Rönnback

2 **Årsmelding og rekneskap** Sjå årsmelding (vert ettersend) og rekneskap i vedlegg. Årsmeldinga vart gjennomgått. Rekneskapen var godkjend av revisor.

Vedtak: Godkjende.

3 Fastsetjing av **medlemspengane**. Fastsetjing av **godtgjersle for styre og sekretær**.

Styret gjer framlegg om å ikkje endre medlemspengane.

1 tilsett 800 kr/år

2-4 tilsette 1.150 kr/år

5-9 tilsette 1.600 kr/år

10-14 tilsette 1.950 kr/år

15-30 tilsette 2.850 kr/år

31 og fleire tilsette 4.000 kr/år

Tillegg for personlege medlemmer utover leiaren: 400 kr/år. Årleg godtgjersle til formannen; kr 5.000. Det vert ikkje betalt godtgjersle til andre i styret. Godtgjersle til revisor: kr 1.000.

Årleg godtgjersle for sekretærarbeidet; kr 40.000.

Vedtak: Godkjend

4 **Budsjett.** Sjå vedlagde oppstilling saman med rekneskapstala. **Vedtak:** Godkjend

5 Eventuelle **innkomne saker.** *Ingen saker*

6 **Val.** Vart leia av Arnbjørn Vevle (utanom valnemnda). Alle vart valde ved akklamasjon.

Styret:

Leiar Lars Magne Bysheim, på val *Attval*

Eimund Øvsthus, på val *Attval*

Tor Georg Hella, på val *Ny; Jørund Vevle*

Kjell Lerøy, ikkje på val

Ivar Solberg, ikkje på val

Varamedlemmer:

Johan Solberg, på val *Attval*

Rolf Hagebø, på val *Attval*

Eileen Aasheim, på val *Attval*

Turnemnd: Johan Solberg og Rolf Hagebø, begge på val *Attval*

Styringsutvalet for Industrikonsulenten:

Sigbjørn Reigstad med Willy Helgesen som personleg varamedlem, på val *Attval* av Sigbjørn Reigstad, ny vara; Vivian Jacobsen

Arne Hansen med Stig Eknes som personleg varamedlem, ikkje på val

Ordføraren i Osterøy; Kari Foseid Aakre

Revisor. Norodd Helle, på val *Attval*

Valnemnd, alle på val: Arnbjørn Vevle og Asle Nilssen *Attval*

7 **Årsmelding for Industrikonsulenten** (meldingssak). Kort orientering i møtet.

Jørund Vevle

Teijo Rönnback